

Sakshandsamar:

Per Arne Strand

E-post: per.arne.strand@sfj.no

Tlf.: 57 67 64 02

Vår ref.

Sak nr.: 13/721-17

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

26216/14

Dykkar ref.**Dato**

SOGNDAL, 26.08.2014

Reidun Liljedahl Fimreite, OA

Høringuttale – lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Sogn og Fjordane

Forskrifta må presiserast meir. Vi må få klare retningslinjer for korleis vi skal praktisere forskrifta. Kjem ikkje det nærare presiseringar vil det verte svært ulik praksis frå skule til skule. Dette er uheldig for elevar som bytter skule.

Tolkingsuttalen frå dep. den 11.06.2014 slår beina under tidlegare tolkingar frå fylket. Lokal forskrift må ta opp i seg denne tolkingsuttalen.

Spørsmål skulen stiller seg, og som forskrifta bør gje svar på:

Skulen er oppteken av korleis vi med den nye forskrifta kan skreddarsy for enkeltelevar som har utvida rett, eller skal ta fag på fleire år. Kva elevstatus skal dei ha?

Endring av status frå fulltidslev til deltidselev, kva rutiner gjeld her?

I skjema der ein søker om endring står det at endring av status kan få konsekvens for lånekassa. Ligg det ei tolking i det. Treng det ikkje få konsekvens for lånekassa? Kven tolkar?

Kan elevar ta fag på nytt etter omval eller følgjer tidlegare standpunktvrderingar fram til vitnemål. Følgjer standpunktvrdering så kan elevar verte «ufrivillig» deltidselev. Kan elevane velje sjølv om ein vil følgje eit fag eller skal skulen ta ut tidlegare fag der ein har standpunktvrdering.

Kan tidlegare elevar kome inn å ta opp att standpunktvrdering som (deltids) elev?

Kva er prosedyrane med inntak av elevar på særskilt.

- Kvar står det at ein ikkje kan reserve plass for desse elevane , slik at ein kan få byrje å jobbe med dei på eit tidlegare tidspunkt.
- Det er ikkje greitt å få elevar på §5-1 før etter ferien. Det skapar store problem. Vi får ikkje ha overføringsmøte etc. Slik sett er skulane ikkje budde godt nok til skulestart og ha gode rammer for desse elevane som treng det mest.

Til § 6 – Betyr det at elevane som søker på ordninga (toppidrett) får 3 tilleggspoeng at dei då konkurrera på konkurransepoeng og ikkje får noko form for reservert plass?

Det bør kome ei klar og tydeleg presisering på rådgjevarkonferansen av den lokale forskrifta.

Med helsing

Per Arne Strand
pedagogisk leiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift